

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord
Tid/Sted: Torsdag 26.09 kl 9 – kl 11
Tilstede: Svein Slåtsveen, Bjørn-Arne Skoglund, Bente Børsheim, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Tone Rubach, Merethe Sund og Arne Flatmo
Forfall: Svein Inge Jakobsen (Arne Flatmo deltok)
Kopi til: Vara AU Nord, leiargruppe region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 26.09.2019

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

1	Orientering frå styremøtet 25.09	
---	---	--

Merethe orienterte om positive signal i forhold til økonomi, både hos mor og døtre. Nedgang i marknadsandelar. Godt sal, indeks i betring, samt god leveringsgrad til kjedene. I nokre veker større etterspurnad enn venta på fårrikålkjøtt og andre lammeprodukt. Tilbaketrekt kalkunpålegg pga feil hos underlevr. Totalmarknad: Måtte fryse inn lam i slutten august pga butikkane ikkje var klar. No alt lam selt direkte ferskt, sau vert fryst inn. Gris: Bransjen avgjer om det vert import av ribbe til jul. Har vurdert eksport utan støtte, truleg ikkje lønsamt.

Tilleggsytningar: Seinka pga økonomien i selskapet. Konkurrentar fått handlingsrom for auka marknadsandelar. Tilleggsytningar skal no vurderast, involverer fagutvala. Leveringsvilkår: Kan ikkje avvise dyr til slakt i dyrevelferdssaker, men kan setje verdi i null. Eigarløftet: Fokus på dyrevelferd i svinenæringa med dokumentasjon og kompetansebevis. Tydeleg rammeverk og forventningar, samt haldningsskapande. Jobbast med Min Side på app.

Omsetningsrådet: Jobbast med konsesjonsregelverk på gris, nedskalering av mjølkekvoter, dobbel mottakspått i begrensa omfang, m.m. NOVA og Matiq: Fokus på ressursar og kompetanse, samt IT-sikkerheit. COWI: Rettsak no, meiner vi har ei god sak. Eksport av lam: PROF nyttar sitt nettverk, samarbeid med grunderar.

Spørsmål/kommentarar:

- Omsetningsrådet vurderer delt omsetningsavgift innanfor ein produksjon.
- Norturaeigarar kan splitte leveransar. Vert det sett på handhevinga av vedtektene?
- Prisauke til alle eggprodusentar i sommar for dyrevelferdstiltak. Må fylgjast opp.
- Refleksjonar i forhold til prisløype lam og at kjedene ikkje var klar i starten av sesongen?
- Svar: Kjedene etterspurde lam seinare i år enn tidlegare.
- Svar: Lite volum innfroste, mesteparten vart selt. Vert tatt opp i fagutval småfe.
- Tilleggsytningar: Skjer mykje på storfe no. Reduserte tilleggsytningar var ein viktig del av Nortura si innsparing. Kva skjer når vi no aukar?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2	Aktivitetsplanarbeid 2020	
---	----------------------------------	--

Alle AU-medlemmane har gjennomført ressursgruppemøter og utarbeidd handlingsplan 2020.

- Brit Kari skal få registrert og sendt til kretsutvala for høyring.

- Fungerer bra med ressursgruppemøte
- Veldig greitt, kombinerer med innspel frå ressursgruppa, samhandle om aktivitet
- Fungerte heilt greitt, håpar å få til gjennomføring
- Fungerte bra, aktivt møte, kunne gjerne hatt fysisk møte
- Tone har hatt møte med Pål Kenneth Løvås.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

3 Planlegging av RU-møtet 30. – 31. oktober

Brit Kari orienterte om forslag til sakliste.

Innspel/kommentarar:

- Ressursgruppe storfe ynskjer fokus på dyrevelferd i ein møterunde.
- Dyrevelferd viktig tema, særleg for dei andre dyreslaga enn gris.
- Viktig å ha offensiv tilnærming, korleis forebygge, kva kan kvar enkelt gjere
- Landbruk over heile landet er eit viktig tema som vi bør ha med i RU-møtet
- Under gruppearbeid på Eigarløftet går det an å også gje innspel til kretsmøta.
- Viktig å engasjere alle, få alle til å kome med innspel, for større breidde
- Arne og Per Fredrik Bang har hatt innlegg i Østfold med tema distriktstilskot
- Tema Matmakt kan utgå.

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med RU-møtet 30. – 31. oktober.

4 Kretsmøter 2020

Brit Kari orienterte om forslag til kretsmøteplan.

Ingen innspel/kommentarar.

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med kretsmøta.

5 Orientering frå Medlem og Drift region Nord

Arne orienterte om tilførselar: Småfe pr veke 37 slakta færre på Bjerka, Målselv og Karasjok enn året før. Horn om lag som i fjor. Har misst ein levr til Horn. Nedgang over heile landet, både hos KLF og Nortura. Mange har slutta, samt seinare slaktemodne. Veksande innmeldingstal. Storfe: Auke på Bjerka, nedgang i Målselv, auke i Karasjok, nedgang hos Horn. Betydeleg nedgang i landet, truleg pga førsituasjonen. Gris: Færre på Bjerka pga MRSA, og i Målselv, om lag uendra hos Horn. Nedgang i landet pga utkjøpsordninga.

Drift: Slaktelinjene gått bra, betre effektivitet enn i fjor. Auka kapasitet ved Bjerka. Jobbast med vidareføring av Thulefjord.

Spørsmål/kommentarar:

- Horn held stand med seinare levering frå sine produsentar.
- Status for innføringa av SAP?
- Korleis er status for livdyrformidlinga i region Nord?
- Svar: Relativt få tilbakemeldingar, og det vi høyrer er positivt, så det vert tolka positivt. Vert jobba med rapportar/nyheitsbrev.
- Er det tilbakemeldingar på klassifisering av storfe?
- Svar: Fortsatt ein del, skal ved Målselv gjennomføre ein fagdag saman med Animalia. Mogeleg dato 9. oktober. Fred Tore tek kontakt med Svein Inge.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

6 Orientering frå fagutvala

Bjørn Arne orienterte om møte 29. august i fagutval egg. Ynskjer å vere tidlegare på banen for drøfting, ikkje berre informasjon. Godt i gang med overgang Coop/Rema. Vil jobbe vidare med Polaregg. Dyrevelferdsprogram. Forskingsprosjekt på får. Velferdshøns/trivselstiltak.

Bente orienterte om at dei skal ha møte i neste veke på gris. Diskusjon om pris, m.m.

Fred Tore orienterte om møte nyleg med oppdatering klassifisering, fortsatt litt støy på høgaste klasse, men betring. Uro ellers i landet på livdyr, fungerer betre i region Nord. Også uro på intransport. Ueinigheit i fagutvalet på pristillegg, men viktig for tilførsar.

Tone orienterte om gjennomgang av praktisering kven som kan handle i Medlemsbutikk. Nyetablering Sortland diskutert, evt sal berre eit par gonger i året. Nisje diskutert i forhold til kapasitet på fabrikkane.

Spørsmål/kommentarar:

- 5-vekers innmelding til 7-vekers innmelding var tatt utan involvering? Uppreis info.
- Svar: Fagutvalet einig i 7-vekers

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7 **Eventuelt**